



Forskrift om hundehald i Øystre Slidre

Forskrift vart vedtatt av kommunestyret 21.06.2007.

Føremål med forskrifta er m.a., jfr. § 1:

- Redusera konfliktnivået mellom hundeeigarar og allmenta.
- Medverke til at spesielt barn ikkje blir skremde eller skadde av hundar.

Etter § 3 bokstav c er det innført **utvida bandtvang** for:

- Alle lysløyper (Beitostølen, Storefoss og Rogne)
- Worldcupløypene på Beitostølen
- Grøn 1 og 2 på Beitostølen
- Blå 1 og 3 på Beitostølen
- Raud 1 på Beitostølen i vinter- og påskeferie
- Beitostølen Helse- og idrettsenter sine løyper
- Danebuløypa - øvre og nedre trase

Etter § 5 har hundehaldar plikt til straks å fjerne ekskrement som hunden etterlet seg m.a. i skiløype.

Sjå www.lovdatab.no for forskrift.

Utfyllande opplysningar:

Kommunal forskrift må sjåast i samanheng med hundelova. Det generelle **aktsomheitskravet** i § 3 tyder at hundehaldar har eit særskilt ansvar for at hunden ikkje volder skade eller er til urimeleg ulempe for folk og miljø. Dette aktsomheitskravet gjeld for alle løyper.

Utvida bandtvang gjeld etter hundelova § 6 bokstav c 'på og ved' merka skiløyper. Dvs. utvida bandtvang gjeld også i **nærrområda** til skiløypene som naturleg nyttast av turgåarane.

Det er **unntak** for brukshundar, politihundar, ettersøks hundar og jakthundar i samband med jakt og jaktprøver, jfr. hundelova § 9.

Ordinær bandtvang gjeld frå og med 01.04 til og

med 20.08, jfr. hundelova § 6. Tidsramme for utvida bandtvang blir dermed frå og med 21.08 til og med 31.03.

Ved evt spørsmål kan ein kontakte kommunen på tlf. 61352512/61352528, evt. epost: ola.haalimoen@oystre-slidre.kommune.no

Vi ønskjer både tobeinte og firbeinte turgåarar mange gode turopplevingar !

